


NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT

2019





**Å formidle kulturarven
– bøkene, musikken,
filmene, avisane og
kunnskapen – er like
viktig som å ta vare
på han.**

FRÅ LEIARENS FRÅSEGN




NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT
2019



Likestilling 2019 – Kjønnsfordeling



Leiarstillingar



Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2017	2018	2019
Årsverk	420	417,5	424,2
Tildeling post 01–99*	548	565,3	592,1
Utfnyttingsgrad post 01–29	96,23 %	95 %	98
Lønnsdel	53,52 %	51,5 %	51,4
Lønnsutgifter per årsverk	637 804	682 461	699 559
Tildeling post 80	49,8	50,9	52,0

* Tala er eksklusive overføringar frå året før, post 80 og inntekter (note A).



Innhald

Del I	Leiarens fråsegn	5
Del II	Introduksjon til verksemd og hovudtal	9
Del III	Aktivitetar og resultat i 2019	13
Del IV	Styring og kontroll i verksemda	39
Del V	Vurdering av framtidssikter	43
Del VI	Årsrekneskap	45



Verdskart från Ptolemaios' Geografia, Ulm 1482. Kartet er ein del av utstillinga Fra det fjerne i Nasjonalbibliotekets kartsenter.



DEL I

LEIARENS FRÅSEGN

Å KJENNE ARVA SI – NASJONALBIBLIOTEKET I 2019

2019 var det fem hundre år sidan den første norske boka blei trykt. Ikkje berre ei, men to bøker fekk erkebiskop Valkendorf produsert så han kunne spreie dei i store opplag til norske kyrkjer og prester. *Missale Nidrosiense* og *Breviarium Nidrosiense*, som dei to utgjevingane blir kalla, kan vi derfor med rette også kalle byrjinga på den norske bokhistoria.

Nasjonallbiblioteket markerte dette jubileet gjennom heile 2019, så breitt som ei fem hundre år lang historie fortener. Eit eige forskingsprosjekt om nettopp bokhistoria kuliminerte i utgjevingar og konferansar, utstillinga på Solli plass fekk mykje merksemd og blei godt

besøkt, og hovudpersonane sjølv, dei første bøkene, blei teke med på turné både i Noreg og til den store bokmessa i Frankfurt.

Likevel var den viktigaste feiringa den som Nasjonalbiblioteket gjorde saman med biblioteka i landet. Fem hundre arrangement i fem hundre bibliotek for å feire dei fem hundre åra til boka, var målet vi sette oss. Resultatet overgjeikk målet. Overalt i heile Noreg blei boka feira. Ikkje gjennom historiske salongar og tilbakeblikk, ikkje med nostalgi eller møllkuler, men gjennom spreiking av leselest, feiring av leseglede og deling av kunnskap gjorde vi ære på bokhistoria. Gjennom å investere i ei bokhistorie som vil leve vidare dei neste fem hundre åra.

Meir enn noko anna fortel denne måten å feire et jubileum på, korleis Nasjonalbiblioteket tenkjer om rolla si som kulturarvsinstitusjon. Vi skal ta vare på minna vi deler, den norske offentlegheita slik ho har kome til syne gjennom århundra. Men vi skal også gjere det som

ei investering i samtida for å skape ei best mogleg framtid. Å formidle kulturarven – bøkene, musikken, filmene, avisane og kunnskapen – er like viktig som å ta vare på han. Eit folk som kjenner historia si, som har tilgang til kulturarven og brukar den tilgangen, står betre rusta til å møte framtida. Og kanskje også til å sjå og kjenne kvarandre i samtida.

At Nasjonalbiblioteket i 2019 fekk i oppdrag å digitalisere og bevare dokument, lyd, film og bilete frå heile arkiv-, biblioteks- og museumssektoren er derfor ikkje først og fremst ei satsing på Nasjonalbiblioteket. Det er ei gåve til det norske folket.

I mediemeldinga som blei lagt fram i mars, signaliserte regjeringa at dei i statsbudsjettet for 2020 ville løyve midlar til å opprette sytti nye stillingar ved Nasjonalbiblioteket, øyremerkt auka digitaliseringskapasitet i Mo i Rana. Arbeidet med å planleggje alt frå logistikk, nye bygningar, tilsetjingar og provisoriske lokale har teke mykje tid og ressursar i 2019, og tilrettelegginga er gjennomført på rekordtid. Som eit resultat av dette vil digitaliserte dokument, bilete, lyd og film straume ut i tenestene til arkiv og museum rundt om i heile landet allereie i 2020. Innhald som igjen kan bli formidla vidare til folk. Eit folk som får tilgang til ein ny bit av si eiga kulturhistorie.

↓ I Austrheim på Vardetangen blei Bokåret 2019 opna med fyrverkeri.
Foto: Anita Soltveit



Det er eit stort arbeid som ligg bak kvart einaste vesle historiske dokument ein finn på nettet. I Nasjonalbiblioteket blir bøker, film, musikk, tidsskrift, kringkasting og småtrykk henta inn eller teke imot, det blir katalogisert og organisert, bevart, digitalisert og presentert i det digitale biblioteket. Alt dette arbeidet har to føremål. Det skal bevare samtida for ettertida, i det vi kallar eit *tusenårsperspektiv*: Alt frå klimaet i magasina, til emballasje, serverparkar og metadata blir sette saman for å sikre bevaring i tusen år. Det er eit arbeid vi aldri kjem til å bli takka for av dei som kan bruke materialane om eit millennium – til det er historia for lang – men vi kan kjenne på takksemda deira likevel, når vi veit kor glade vi sjølve er for dei objekta i samlinga som er fem hundre eller til og med tusen år gamle. Det andre føremålet er nettopp dette: formidlinga, det å gje folk tilgang til både den nære og fjerne historia si. Og ikkje berre å gje dei moglegheita, men å framstille objekta på ein måte som gjer at folk ynskjer å sjå, ønskjer å lære og ønskjer å hugse.

At vi spelar ei slik rolle i samtida er for oss på Nasjonalbiblioteket ein glede utan sidestykke. I 2019 kunne vi etter mange års arbeid opne det nye kartsenteret vårt. Eit senter som rommar ei nærast komplett samling av dei framstillingane av Noreg, Skandinavia og nordområda som finst i trykte kart frå slutten av 1400-talet og fram til 1800. Dei eldste karta er eldre enn bøkene vi feira jubileet for, karthistoria vår er like lang som bokhistoria. I Kartsenteret vil vi dei neste åra bruke karta – nokre av dei viser oss ei verd som berre hadde tre kontinent – til å vekke interessa for historie, blant både vaksne, barn og unge. Karta er ikkje berre bevarte, dei er også tilgjengelege for folk gjennom dette senteret og gjennom digitalisering. På den same måten kan bilete, film, dokument og lydopptak frå arkiv og museum i heile landet etter kvart nå ut til folk gjennom digitaliseringa og formidlinga ved Nasjonalbiblioteket. Noreg er

det første landet i verda som har setje seg føre å gjere heile den dokumentbaserte kulturarva tilgjengeleg for befolkninga. Det er eit stort mål, og det er et arbeid som vil ta tid. Men går det som vi trur, vil vi om ein generasjon frå no være det første folket i verda som har tilgang til heile den dokumenterte kulturarven sin. Det vil være noko å feire.

Oslo, 13.03.2020

Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET

Kirken 19.7.1908.
M.S.-L.



Illustrasjonen viser forhallen i Nasjonalbiblioteket i Oslo, og på baksida av skissa står det: «Dette er utkast til takmalerier av Emanuel Vigeland, levert til arkitekten Holger Sinding-Larsen 19.7.1908.»

DEL II

INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL

NASJONALBIBLIOTEKET – VÅRT FELLES MINNE

Nasjonallbiblioteket skal vere den fremste kjelda til kunnskap om Noreg og norske forhold. Ved å ta vare på kulturarven og det offentlege ordskiftet skal Nasjonalbiblioteket danne grunnlag for dokumentasjon, forskning og læring og bidra til å skape identitet og tilhørslse. Nasjonalbiblioteket skal bidra til å vidareutvikle norske bibliotek som moderne folkeopplysningsinstitusjonar.

Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i lov om pliktavlevering.

Nasjonallbiblioteket leverer infrastruktur og tenester for norske bibliotek på område som biografiske standardar og nasjonalbibliografiar. Det er depotbibliotek for heile landet og tilbyr digitale innhaldstenester og eit felles biblioteksøk i og for alle norske bibliotek. I tillegg leverer Nasjonalbiblioteket infrastruktur for norsk forskning og er dessutan ein sjølvstendig forskingsinstitusjon. Nasjonalbiblioteket er òg leverandør av ein norsk språkbank til bruk i forskning og næringsverksemd.

SAMFUNNSBIDRAGET TIL NASJONALBIBLIOTEKET


Innsatsfaktorar og rammevilkår	Aktivitetar	Produkt og tenester	Brukareffektar	Samfunns effektar
<ul style="list-style-type: none"> • 592 millionar kroner • pliktavleveringslova • biblioteklova • åndsverklova 	<ul style="list-style-type: none"> • mottak av pliktavlevert og anna materiale • kunnskapsorganisering • digitalisering • bevaring • tilgjengeleggjering av materialet • formidling • forskning og utvikling (FoU) • avklaring av rettar • tenesteutvikling • kunnskapsutvikling • tilskotsforvaltning 	<ul style="list-style-type: none"> • nettbaserte bibliotek-tenester for alle medium • norsk digital språkbank • nasjonal-multigrafiar • metadata og andre atffinningsverktøy • depotbibliotek • infrastruktur for forskning • referansetenester, rådgiving og kompetansedeling • sikker langtidsbevaring av norsk kulturarv • digital infrastruktur for norske bibliotek 	<ul style="list-style-type: none"> • gir alle enkel tilgang til kulturarven • lèt forskarar, studentar og andre fagfolk finne og bruke kunnskaps-, språk- og kulturhistoria • gir sterkare tilknytning til historia • gir betre bibliotektenester for heile befolkninga 	<ul style="list-style-type: none"> • skaper identitet og tilknytning • bidreg til kunnskap, interesse og medvit om norsk kultur-, kunnskaps- og språkav • styrkjer norsk offentlegheit og utviklar fellesarenaer for debatt • gir alle enkel tilgang til norsk publiseringshistorie og kulturliv

I 2019 fekk Nasjonalbiblioteket utvida mandatet sitt til å inkludere digitalisering og sikring av den dokument-baserte kulturarven frå alle norske bibliotek, arkiv og museum.

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan under Kulturdepartementet og er lokalisert i Oslo og Mo i Rana. Det er til saman 424,2 årsverk i Nasjonalbiblioteket (fast tilsette). Det blir utført 187,2 årsverk i Oslo og 237 årsverk i Mo i Rana. Inkludert mellombels tilsette blir det utført 458,33 årsverk i Nasjonalbiblioteket.


ØKONOMI OG RESSURSBRUK

Budsjettramma til Nasjonalbiblioteket til ordinær drift (post 01) var på 552,6 millionar i 2019. Dette inkluderer to nye satsingar frå og med 2019: éi til digitalisering (10 millionar) av AV-materiale frå norske arkiv, bibliotek og museum og éi til språksatsing (10 millionar) og styrking av språkressursane i Språkbanken for å leggje grunnlaget for at norske språk skal styrkje posisjonen sin i ein digital tidsalder (9,2 millionar).



I samband med at det blir bygd to store fjellmagasin i Mo i Rana – eitt av dei skal Arkivverket disponere – har Nasjonalbiblioteket og Arkivverket eit stadig tettare operativt samarbeid. Dette samarbeidet omfattar magasin, digitalisering og formidling. Sidan 2018 har Nasjonalbiblioteket digitalisert folketeljinga frå 1920, branntakstprotokollar og hovudregisterkort for Arkivverket. I dag leiger Arkivverket magasin kapasitet i Rana.


ORGANISASJON




ØKONOMI OG RESSURSBRUK

NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPEN	2017	2018	2019
Årsverk	420	417,5	424,2
Tildeling post 01–99. Tala er eksklusive overføringar frå året før, post 80 og inntekter (note A)	548	565,3	592,1
Utnyttingsgrad post 01–29	96,23 %	95 %	98
Lønnsdel	53,52 %	51,5 %	51,4
Lønnsutgifter per årsverk	637 804	682 461	699 559
Tildeling post 80	49,8	50,9	52,0

175 935
2019



Utlånte publikasjonar



Fjernlånet frå Depotbiblioteket var rekordhøgt i 2019. Nasjonalbiblioteket sende ut 175 935 publikasjonar frå automatlageret sitt til norske bibliotek over heile landet. Av desse gjekk 166 883 til folkebiblioteka, og halvparten av dei var frå den fleirspråklege samlinga.



DEL III

AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2019

SAMLINGSUTVIKLING

Hovudveksten i samlinga til Nasjonalbiblioteket kjem frå den jamlege pliktavleveringa av publisert materiale frå alle medium. Avleveringa har historisk sett bestått av fysiske informasjonsberarar som bøker, tidsskrift, aviser og filmar. Som ein konsekvens av den reviderte pliktavleveringslova blir ein stadig større del av det publiserte innhaldet levert i digitale filformat. Anten er dette den einaste forma for avlevering (til dømes radio- og

TV-innhald), eller så blir innhaldet levert både som fysisk eksemplar og digitalt. Det sistnemnde er tilfellet for aviser, tidsskrift og bøker.

Samlinga til Nasjonalbiblioteket veks òg som følgje av private donasjonar av arkiv, samlingar frå privatpersonar og produksjonsselskap innanfor film- og musikkområdet m.m.


For dei som bruker tenestene til Nasjonalbiblioteket, er den synlegaste og viktigaste innhaldskjelda det dei kan nå og søkje i på nett. Utviklinga av den digitale samlinga er derfor viktig for at alle skal ha tilgang til kulturarven.

Analog/tradisjonell pliktavlevering

Trykte dokument viste ein svak nedgang i 2019 samanlikna med året før. Det gjeld dei fleste materialtypar. Avleveringa av bøker har i fleire år vore stabil, men gjekk ned frå 10 143 i 2018 til 9229 i 2019. Det svarer til ein nedgang på 9 prosent.

For tidsskrift har det over tid vore ein nedgang i talet på titlar. I 2019 blei det avlevert 6915 titlar, mot 7213 i 2018 – ein nedgang på 4 prosent.

Musikk: Talet på avleveringar av musikk på fysiske bera-
rar (CD-ar, LP-ar, kassetar) ligg på 1656 i 2019. Dette er
nært snittet for dei føregåande åra.



Digitalt avleverte aviser


Digital pliktavlevering av aviser kom i ordinær drift mot slutten av 2018. I 2019 blei 96 prosent av alle aktive avistitlar avleverte digitalt til Nasjonalbiblioteket.

”

**I 2019 blei det avlevert
131 383 timar med
opptak frå 15 radiokanalar.
Det svarer til 15 års
kontinuerleg lytting.**

Upublisert materiale og privatarkiv

Blant høgdepunkta i det avleverte privatarkivet i år er arkivet etter komponist Bjørn Fongaard, arkivet etter fotograf Szacinski, som består av 100 000 negativplater frå perioden 1870–1910, og privatarkiv etter forfattaren Margit Sandemo og sakprosaforfattaren og programleiaren Ingrid Espelid Hovig. I tillegg har Nasjonalbiblioteket overteke institusjonsarkiv etter Norske Dramatikeres Forbund og Norsk Oversetterforening.



I 2019 blei det digitalisert til saman 501 588 foto. Det er ein auke på 21 prosent frå 2018, og det er ti gonger meir enn det som blei digitalisert med like mange medarbeidarar i 2016.

DIGITALISERING

Massedigitaliseringsprogrammet til Nasjonalbiblioteket har gått kontinuerleg for seg sidan 2006. Tala for 2019 viser at veksten i den digitale samlinga har vore slik:

Aviser

Ved utgangen av 2019 var om lag 55 prosent av alle aviser som blir gitt ut i Noreg, digitaliserte. To tredjedelar av dei digitale avisene er tilgjengelege i norske bibliotek (ca. 30,1 millionar sider). Det er ein auke på 13 prosent frå 2018.

I 2019 blei det digitalisert totalt 4,7 millionar avissider, og 2,3 millionar av desse med utgangspunkt i mikrofilm. Det er ei teneste som blir kjøpt eksternt. Dei resterande 2,4 millionane blir digitalisert internt, med utgangspunkt i papiroriginalane. I det interne arbeidet er det ein auke på 17 prosent frå året før.

Foto

I 2018 blei det sett i verk fleire tiltak for å følgje opp effektiviseringa av fotodigitalisering som blei starta i 2017, mellom anna som følgje av benchmarking mot søsterinstitusjonar i 2017. Det viktigaste tiltaket har vore innføringa av automatiserte prosessar og raskare og meir automatisert digitaliseringsutstyr.

Musikk- og lydopptak

I 2019 har vi som følgje av ABM-satsinga jobba med å oppgradere produksjonssystema. Det har ført til lågare digitaliseringskapasitet enn i eit normalår. Gjennom året blei det digitalisert 4886 einingar med musikkopptak og 25 600 timar radioopptak frå magnetband.

Digitaliseringa av lyd-, musikk- og radioopptak skjer i samsvar med ein plan om systematisk å digitalisere alle magnetiske lydopptak over ein periode på 15 år for å bevare innhaldet på opptaka mens det enno er mogleg å spele dei av, ettersom mykje av innhaldet er lagra på trua berarar.



Nasjonalbiblioteket digitaliserer lyd-, musikk- og radioopptak i samsvar med ein plan om å få utført arbeidet mens det framleis er mogleg å spele av innhaldet; mykje er lagra på trua berarar. Nasjonalbiblioteket følgjer kontinuerleg med på nettet for å finne delar til opptakarar frå 1980- og 90-åra.



Video

Det blei digitalisert 1000 videotitlar i 2019. Dette er ein nedgang på 28 prosent frå 2018. Nedgangen kjem av at det i 2019 blei digitalisert videoband i veldig dårleg forfatning, noko som er svært tidkrevjande. Det blei òg digitalisert 171 filmtitlar, ein liten auke frå 2018.

Bøker, tidsskrift og anna trykt materiale

I 2019 blei det digitalisert 11 284 bøker og 17 963 tidsskrifthefte frå eiga samling. I tillegg er det digitalisert 2 324 205 sider arkivmateriale for Arkivverket.

Kart

I samband med etableringa av Kartsenteret blei det utvikla ei eiga produksjonslinje for digitalisering av kart. I 2019 blei det digitalisert 703 kart. Av desse er 410 tilgjengelege for publikum i nettbibliotket.

Manuskript

Det blei digitalisert 58 715 sider med handskrifter og notemanuskript i 2019. Talet ligg på same nivå som i 2018.

ABM-digitalisering

Nasjonalbiblioteket fekk tilført 10 millionar på budsjett-ramma i 2019 for å starte digitaliseringa av trua AV-materiale frå arkiv, bibliotek og museum. Mediemeldinga som blei lagd fram i mars, varsla om at lisensordninga til NRK skal avviklast, og at regjeringa i statsbudsjettet for 2020 ville styrkje digitaliseringskapasiteten til Nasjonalbiblioteket med 70 nye stillingar som erstatning for tapte arbeidsplassar i Rana kommune. Dette blei stadfesta rett før jul, då statsbudsjettet for 2020 blei vedteke. I juni 2019 la Nasjonalbiblioteket fram ein kartleggingsrapport som beskreib omfanget av AV-materiale i ABM-institusjonane, men på grunn av den kraftige kapasitetsauken ut over dei 10 millionane som låg i korta for 2020, blei planprosessen utvida tilsvarande. Digitaliseringstiltaka som blei gjennomførte i 2019, var i samsvar med planane ei vidareføring av digitaliseringa for Arkivverket og ei prøvedigitalisering av lydmateriale frå Gudbrandsdalsmusea og Teknisk museum.





FORMIDLING

Digital formidling

Hovudkanalen for å nå breitt ut til alle med kulturarven, blir bygd rundt det digitale biblioteket nb.no og nettbasert formidling. Nettsidene til Nasjonalbiblioteket, nb.no, hadde 5,1 millionar besøk i 2019. Det er ein auke på 7,1 prosent samanlikna med 2018.

I samband med at Kartsenteret opna i september 2019, blei kart inkludert i det digitale biblioteket. Fleire enn 400 kart frå Kartsenteret er ope tilgjengelege for alle på nett. Funksjonaliteten er utvikla for å betre brukaropplevinga og gjere det lettare å finne det ein leiter etter, blant millionar med digitale objekt.

Lokalhistoriewiki er ei digital teneste som er basert på nettdugnad og grasrotvitskap, og er ein del av det digitale formidlingstilbodet til Nasjonalbiblioteket. I 2019 hadde Lokalhistoriewiki over to millionar besøk – ein auke på 20 prosent frå 2018. Nettstaden inneheld rundt 56 000 artiklar og 176 000 lyd- og biletfiler.

Formidling på Solli plass

To store hendingar har prega formidlingsarbeidet på Solli plass i 2019: opninga av Kartsenteret i september og markeringa av 500-årsjubileet til boka.

Talet på eigenproduserte arrangement og fagseminar auka samla sett frå 140 i 2018 til 160 i 2019. Til saman var det 13 700 som besøkte desse arrangementa, mot 11 400 året før.

”

Ved å bevare og formidle kulturarven og det offentlege ordskiftet skal Nasjonalbiblioteket danne grunnlag for dokumentasjon, forskning og læring og bidra til å skape identitet og tilhørslse.

FRÅ NASJONALBIBLIOTEKET SIN
STRATEGI FOR PERIODEN 2018–2022



På nettsidene til Nasjonalbiblioteket, nb.no, finst det ei stor litteratursamling, og her har ein tilgang til alle bøker som er gitt ut i Noreg fram til og med år 2000. Privatarkivet rommar samlingar etter forfattarar, kunstnarar, forskarar og andre kulturpersonar. I biletarkivet kan du søkje blant alt frå daguerrotypiar til moderne fotografi. Vidare finst det ei omfattande avis- og tidsskriftsamling, musikk i form av både lydopptak og notar, filmar og radio- og TV-klipp.

”

**Tanken bak nettformidlinga til
Nasjonalbiblioteket er at alle i Noreg,
uavhengig av kvar dei bur,
skal kunne ta del i arrangement og
konferansar på Solli plass.**




Nasjonalbiblioteket tilbyr stadig fleire podkastar og strømetenester. Talet på avspelingar av Nasjonalbiblioteket sine arrangement via desse kanalane auka frå 32 246 i 2018 til 114 871 i 2019 – ein vekst på heile 256 prosent!

Formidlingsaktiviteten til Nasjonalbiblioteket strekkjer seg frå å gi forskning og dokumentasjonsformål tilgang til alt pliktavlevert materiale til å formidle eigenutvikla redaksjonelt innhald i digitale flater som podkastar og videoar som blir lagde ope ut på nb.no.



Medrekna dei 13 700 som besøkte arrangementane, og dei 14 300 som besøkte Kartsenteret, var det 41 700 som besøkte arrangement og utstillingar i opne lokale på Nasjonalbiblioteket i 2019. Det er ein auke på 29 prosent frå 2018.





Nasjonalbibliotekets
KARTSENTER

Paskaert
Voor een gedeelte van de Cust
van
NOORWEGEN
Beginnende van Oxefoort tot aen
Gottenborg
Met alle syn Diepte en Droochte op 't Nieuws
Oversien, en van veel fouten verbeteret.
T' AMSTERDAM,
by Joannis van Keulen
Boeck en Zeekaartverkooper aen de Nieuw-
brugh ende geooronde Loetsman niet.
Privilegie voor 15 Jaeren.

Duytsche Mylen 15 in een graad
Spaensche Mylen 17½ in een graad
Engel. en Fran. Mylen 30 in een graad

Nasjonalbibliotekets kartsenter

Kartsenteret inneheld verdas mest omfattande historiske samling av trykte kart over Noreg, Norden og nordområda. Dei eldste karta er frå 1482, dei nyaste frå slutten av 1800-talet. Til saman utgjer karta både ei historie om geografikunnskapen i Norden og ei brei forteljing om utviklinga av karta og sjølve geografien.

Det aller meste av det som finst her, er innhald frå Ginsberg-samlinga, som består av rundt 2000 kart, atlas og eldre geografiske bøker og reiseskildringar. I Kartsenteret er dette materialet supplert med utvalde kart og litteratur frå resten av samlinga til Nasjonalbiblioteket, som inneheld rundt 150 000 kart. Alle kart som er trykte i Noreg etter 1882, er bevarte her, sidan pliktavleveringsordninga blei lovfesta dette året. Kartsamlinga til Nasjonalbiblioteket inneheld i tillegg ei mengd eldre og utanlandsk materiale.

Gjennom utstillinga *Fra det fjerne* har både allmenta og forskingsmiljøa fått tilgang til karta.

- ← Johannes van Keulens kart over ein del av Noregs kystline, frå ca. 1680.
- Midt blant dei mange utstilte karta finst òg eit stort kartbord med ein skjerm der publikum kan få studere dei digitaliserte karta i detalj.
- Leiar av Kartsenteret Erling Sandmo (1963–2020).
- Kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande under den offisielle opninga av Kartsenteret i september 2019.



500-årsjubileet til den norske boka

1519 blir rekna som startpunktet i historia om den trykte boka i Noreg. Dette blei grundig markert med ei rekkje arrangement, utstillingar og utgivingar gjennom året.

Utstillinga *Lause typar og stramme bind* blei opna 19. september. Ho var bygd rundt *Breviarium Nidrosiense* og *Missale Nidrosiense*, som blir rekna som dei to første trykte bøkene bestilte av norske utgivarar. Utstillinga blei følgd opp med ei plakatutstilling til alle folkebibliotek i landet og eit omfattande formidlingsprogram gjennom arrangement og foredrag. Til saman blei det gjennomført over 1500 bokårsarrangement i alle kommunar over heile landet. Organisasjonar som Leser søker bok, Foreningen !les, Den norske Forfatterforening, Den norske Bokhandlerforening, Den norske Forleggerforening, Sommerles og Den norske kyrkja gjorde nasjonale tiltak i samband med Bokåret. Markeringane fekk mykje merksemd i media.


For at eit større publikum også utanfor Oslo skulle få oppleve originalverka, blei det skaffa spesialbagasje,

slik at fagfolk frå Nasjonalbiblioteket kunne vise fram bøkene fleire stader i landet: Mo i Rana, Sarpsborg, Bergen, Volda, Stavanger og Hamar fekk besøk, og i tillegg blei bøkene viste fram under bokmessa i Frankfurt.

I samband med jubileet ble det òg produsert ein norsk-språkleg antologi i Nasjonalbibliotekets vitskaplege skriftserie *Nota Bene*. *Litterære verdensborgere* var tittelen på både forskingsprosjektet og utgivinga. I tillegg blei det gitt ut kommentarutgåver av *Breviarium Nidrosiense* og *Missale Nidrosiense* som e-bøker på boksel-skap.no.



↑ Nasjonalbiblioteket utarbeidde ein eigen logo for Bokåret til bruk på materiell i samband med feiringa. Det blei òg laga eige profileringsmateriell som arrangementane kunne bruke gjennom året.




← Antologien *Litterære verdensborgere* blei lansert i samband med avslutninga av forskingsprosjektet med same namn.

← Jubilentene *Breviarium Nidrosiense* og *Missale Nidrosiense* blei vist fram fleire stader, også under bokmessa i Frankfurt, der Noreg var gjesteland.



↑ Frå utstillinga Lause typar og stramme bind.




Missale Nidrosiense og Breviarium Nidrosiense dannar startpunktet for den trykte bokas 500 år lange historie i Noreg.



Hausten 2019 heldt historikar og professor i geografi Terje Tvedt seks foredrag mot historieløysa til samtida, der han tok publikum gjennom 5000 års historie, frå oldtidssivilisasjonane og heilt opp til vår tid. Foredragsserien førte til reine folkevandringa til Nasjonalbiblioteket på Solli plass, med over 2500 gjester og 35 000 podkastavspelingar.



Lesesalar og forskarplassar

Belegget på lesesalar og forskarplassar har i 2019 lege på rundt 50 prosent av kapasiteten. Dette er på nivå med året før. Vi registrerer at det er større etterspurnad etter unike dokument, og framvising av originalmateriale til grupper blir ein stadig viktigare del av publikumstilbodet. Talet på omvisingar på spesiallesesalen med framvising av materiale auka frå 24 i 2018 til 70 i 2019. Til mange av arrangementa blir det òg sett fram originalmateriale i montrar.



Allmennpublikasjonar

Av bokutgivingane var det spesielt to titlar som markerte seg: *Charleston i Grukkedalen* av Erlend Hegdal er ein omfattande dokumentasjon av korleis dei første afroamerikanske artistane og musikarane i Noreg opplevde møtet med landet, og korleis ein global musikkfarsott hadde sitt tidlege inntog i eit lite land. Fleire bokmeldarar kåra boka til ei av dei femten beste utgivingane i 2019. Antologien *Blod og bein* markerte seg òg. I boka fortel nokre av dei fremste medisinske fagformidlarane vi har i dag, historia om store gjennombrot, vågale legar og hjarteskjerande pasientskjebnar i norsk medisinhistorie.



Forskningspublikasjonar

I 2019 har forskningsbibliotekarane ved Nasjonalbiblioteket bidrege både som redaktørar av to vitenskaplege antologiar og som forfattarar av seksten vitenskaplege kapittel, og dei har fått publisert seks vitenskaplege tidsskriftsartiklar.

→ Camilla Collett ca. 1860–1861.
Ukjend fotograf.



Nasjonalbiblioteket publiserte kjeldeutgåver med tekster frå mellom anna Camilla Collett og Sigrid Undset. Nasjonalbiblioteket publiserte dessutan éi utgiving om eventyr og segner frå Varanger (på samisk og norsk) og éi om bokhistorie. I tillegg har tilsette ved Nasjonalbiblioteket bidrege som redaktørar av ei fagbok om bok- og bibliotekshistoria, som forfattarar av tjuve kapittel i fagbøker og populærvitenskaplege bøker, samt publisert 37 fagartiklar og populærvitenskaplege artiklar.

SAMARBEID MED KULTURSEKTOREN OG KULTURNÆRINGA

Fordi Nasjonalbiblioteket har ansvar for å sikre og bevare den dokumentbaserte kulturarven, har vi omfattande arkiv på film- og musikkområdet. Desse arkiva blir formidla på ulikt vis til ei rekkje institusjonar både i Noreg og utlandet.

Film

I 2019 blei 500 filmutlån formidla til framsyning og annan bruk. Eitt av høgdepunkta dette året var filmfestivalen i Berlin, der Nasjonalbibliotekets nye digitale restaurering av *Ung flukt* (Edith Carlmar, 1959) blei vist i det prestisjetunge sideprogrammet Berlinale Classics.


Det er levert filmarkivmateriale til ei lang rekkje film- og TV-produksjonar og DVD-utgivingar, mellom anna til tyske, spanske, britiske og nederlandske produksjonselskap, ei rekkje NRK-produksjonar og spelefilmen *Flukten over grensen* (Maipo Film 2020).

↓ Frå filmen *Ung flukt* (1959).



Musikk

I 2019 er 3000 filer med historiske musikkopptak kopierte ut til norsk musikkbransje. Mange av dei dannar grunnlag for nyutgivingar, som til dømes *1970-tallet* og *1980-tallet* med Ole Paus (Falck Forlag 2019). Dei aller fleste opptaka blir gjorde tilgjengelege i kommersielle strøymetenester som Spotify og Tidal.



NB noter er Nasjonalbiblioteket si publiseringsteneste for norsk samtidsmusikk som ikkje er gitt ut på forlag. I 2019 blei meir enn 700 verk formidla. Det resulterte mellom anna i 83 framføringar. 21 av desse var urframføringar. Eit døme er det nye store verket *Lyden av Arktisk* av Lasse Thoresen. Det blei urframført av Arktisk Filharmonik under Ultimafestivalen i september 2019.




I 2019 starta Nasjonalbiblioteket eit samarbeid om å vise alle norske stumfilm i kronologisk rekkjefølgje på Frogner kino, som er nyrestaurert. Til venstre: Filmplakaten til *Historien om en gut* (1919). Til høyre: Det originale inngangspartiet til Frogner kino, 1935. Foto: O. Væring / Oslo Byarkiv.

Språkbanken

I 2019 fekk Nasjonalbiblioteket ei rammeløyving på 9,1 millionar kroner til auka satsing på utvikling av språkteknologiske ressursar for norsk, med særleg vekt på nynorsk og norske dialektar. Denne språksatsinga skjer i samarbeid med Språkrådet.

Språkbanken tilbyr omfattande språkressursar som bruker både forskingsarbeid og språkløysingar frå industrien. Den viktigaste enkelthendinga i 2019 var at Microsoft på grunnlag av desse ressursane lanserte ein betaversjon for taleattkjenning på norsk i oktober. For å få tak i nye språkressursar har Nasjonalbiblioteket mellom anna begynt å transkribere opptak av stortingsmøte, og vi har etablert eit samarbeid med Nynorsk pressekontor og NTB om å vidareutvikle automatisk omsetjing frå bokmål til nynorsk. Samarbeidet har bidrege til å auke nyheitsproduksjonen på nynorsk, og resultatata blir delte gjennom Språkbanken.

↓ Brevs. 664 Brev frå Vigeland, Ingerid (1902–1976) til Paasche, Fredrik (1886–1943), skrive i 1929.



Saman med irske, islandske og kroatisk partnerar har Nasjonalbiblioteket eit prosjekt for å auke tilgangen til data i den automatiske omsetjingstenesta til EU, eTranslation. Hovudmålet for den norske delen av prosjektet er å få til omsetjing til og frå nynorsk i eTranslation.

Frå lesesal til nett?

Publikumsbruken av lesesalane og referansenestene til Nasjonalbiblioteket er i endring. Belegget på lesesalane sett under eitt ligg på rundt 50 prosent, mens dei uformelle publikumslokala som foajé, kafé, resepsjon og kantine er fulle av folk i alle aldrar. Enkeltpersonar bruker materialet på lesesalane i stadig mindre grad, og vi ser ei tydeleg endring i at det er mindre etterspurnad etter digitalisert materiale på lesesalane, mens etterspurnaden etter unike dokument som berre Nasjonalbiblioteket har, aukar.

FORSKING OG FORSKINGSINFRASTRUKTUR

Frå 2019 gav den reviderte forskrifta til åndsverklova digital tilgang til pliktavlevert materiale for forskings- og dokumentasjonsformål ved norske universitet og

MUSEUM

Nasjonalbiblioteket har eit omfattande samarbeid med norske og utanlandske museum. Materiale frå samlingane blir lånt ut til ei rekkje utstillingar. I 2019 omfatta dette mellom anna utstillingane «Å hjemme seg» – I Sigrid Undsets hus er det mange rom på Lillehammer Kunstmuseum og *Color Mania – The Material of Color in Photography and Film* på Fotomuseum Winterthur i Sveits, og digitalisering og formidling av Vigeland-brev i høve jubileumsåret.

SPRÅKBANKEN + MICROSOFT

Språkbanken tilbyr omfattande språkressursar som bruker både forskingsarbeid og språkløysingar frå industrien. Den viktigaste enkelthendinga i 2019 var at Microsoft på grunnlag av desse ressursane lanserte ein betaversjon for taleattkjenning på norsk i oktober.

høgskular. I august 2019 starta ein eittårig prøveperiode med tilgang for inntil fire samtidige brukarar til kvart dokument. Den same tilgangen er det mogleg å få i norske folkebibliotek, men då avgrensa til to samtidige brukarar per dokument på landsbasis.

Dei siste åra har vi sett ei stadig aukande interesse for å nytte samlinga til datadriven forskning. I tråd med behova til forskarsamfunnet utviklar Nasjonalbiblioteket tilgangsregime og analyseverktøy inn mot samlinga. For å kunne samle og koordinere innsatsen på dette feltet og kommunisere tydelegare med forskarsamfunnet oppretta Nasjonalbiblioteket i 2019 ein eigen digital humaniora-lab.

I 2019 deltok Nasjonalbiblioteket i elleve forskingsprosjekt. Ni av dei fekk støtte frå Forskingsrådet.

BIBLIOTEKUTVIKLING

Nasjonalbiblioteket har vore med og utarbeidd ein ny nasjonal bibliotekstrategi for perioden 2020–2023. Strategien har fått tittelen «Rom for demokrati og dansel» og omfattar heile bibliotekfeltet. Strategien blei lagd fram av kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande, forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø og kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner i september.

NYSKAPING, UTVIKLING OG FORMIDLING

I 2019 gav Nasjonalbiblioteket 8,6 millionar kroner til 19 nyskapande prosjekt og utviklingstiltak i bibliotek over heile landet. Midlane skal bidra til utvikling av nye bibliotektenester, formidling av innhaldet i biblioteka og utprøving av nye samarbeidsformer. Fjorten av prosjekta blir gjennomført av folke- og fylkesbibliotek, og dei fem andre er i fagbibliotek. Det største prosjektet var «Biblioteket som samskaper» som gjennomføres av Oppland fylkesbibliotek i samarbeid med fleire fylkes- og folkebibliotek som mottok over 1 millionar kroner.

Folkebibliotekstatistikken for 2018 viser at talet på førstegongslån av fysiske bøker frå norske folkebibliotek i 2018 var 11,9 millionar. Talet på førstegongslån og fornying av fysiske bøker var 16,7 millionar (16,5 millionar i 2017). Nasjonalbiblioteket delte ut i overkant av 18 millionar kroner i arenamidlar i 2018 til 151 tiltak i regi av fylkes- og folkebibliotek. Folkebiblioteka gjennomførte til saman over 60 000 arrangement i 2018 (50 000 i 2017, 47 000 i 2016). Dette omfattar alle typar arrangement for skuleelevar og barnehagebarn, eigne arrangement og eksterne arrangement.

RESULTAT OG MÅLOPPNÅING

Tildelingsbrevet for 2019 set to overordna mål for Nasjonalbiblioteket:

1. Løyvingane skal styrkje biblioteksektoren som aktiv kunnskaps- og kulturarvformidlar og leggje til rette for at folkebiblioteka blir aktuelle og uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg omtale og debatt.
2. Nasjonalbiblioteket skal sikre og bevare pliktavlevert materiale og andre samlingar, arbeide aktivt for å gjere samlingane og informasjonen om dei tilgjengelege og bidra til å utvikle folkebiblioteksektoren og lokalhistoriefeltet.

ARBEID MOT BARNEFATTIGDOM

I 2019 løyvde Kulturdepartementet 5 millionar kroner til folkebiblioteka for å styrkje arbeidet mot barnefattigdom. Midlane skal gi biblioteka høve til å prøve ulike metodar og tilnæringsmåtar for å gi barn og unge tilgang til bibliotektenester og deltaking i organiserte aktivitetar, uavhengig av økonomien til foreldra. Nasjonalbiblioteket har fordelt midlane til prosjekt i ti norske byar: Arendal, Bergen, Bodø, Halden, Kristiansand, Larvik, Porsgrunn, Stavanger, Tromsø og Ålesund.

I prosjekta «Mirage (UiO), Data-mining the Digital Bookshelf» (UiO), «Digitization and Diversity» (BI), «Health Communication Regimes» (Institutt for samfunnsforskning), «The ALM-field, Digitalization and the Public Sphere» (OsloMet), «Skillingsvisene i Norge, 1550–1950: Den forsømte kulturarven» (NTNU) og «Historisk befolkningsregister 1800–2024» (UiT), som alle er finansierte av Forskningsrådet, er Nasjonalbiblioteket anten med som partner eller deltek med forskarar.

Nasjonalbiblioteket er prosjektleiar i forskingsprosjektet «Magnus Lagabøtes landslov og bylov» og infrastrukturprosjektet «Digital corpus and dictionary of Norwegian Medieval Latin» (Det Norske Videnskaps-Akademi).



HEMISPHERIV AB ÆQUINOCTIALI LINEA, AD CIRCVLVM POLI ARCTICI.



Cornelis de Jodes kart over den nordlege og den sørlege halvkuile, frå 1593. Kartet er ein del av utstillinga Fra det fjerne i Nasjonalbibliotekets kartsenter.

HEMISPHERIV AB ÆQVINOC TIALI LINEA, AD CIRCVLV POLI Æ-
TARCTICI.



Maxima et admiranda insula occidentalis
America, nunc quarta pars orbis nominata:
diversissima fertillissima, omnium rerum ad vitam ne-
cessariarum viciorumque philosophis, cosmographis
et potentissimis monarchis ignota, et primis
imperante Carolo V. perstrata. In his penin-
sulis et isthmis sunt maxime temporis et re-
rum variationes: quoniam subiacent incolis 220
mil. una frigida est, altera torrida, tertia et
quarta temperata.

Ter Australis incognita

Chafdaia
aliter ter diuigo

Circulus Antarcticus
Latus huius sive legimus capitis
maxime videtur: sed nondum imploratus

La his tabulis insulis
que sunt numero 200
Ceteris et Chini maxi-
mam exercent mar-
situram.

Celeberrima in-
sula Taprobana:
que et Sumatra
dicitur, claudatur
1562. alio usque
lit.

OCCIDENTVS

ORIENTVS

Equinoctialis

SAMLING PER 31.12.2019

MATERIALTYPE	DIGITAL TILVEKST	DIGITAL SAMLING	ANALOG TILVEKST	ANALOG SAMLING	EININGSTYPE
Aviser	354 427	2 508 217	32 708	5 648 012	Hefte
Bilete	501 588	2 006 845	329 079	2 741 100	Tal
Bøker	18 119	533 876	99 039	3 307 337	Band
Handskrifter og notemanuskript	58 715	801 410	11 040	> 16 000 000	Sider
Film	1407	18 159	10 410	395 229	Rull/kassett
Kart	703	703	194	61 498	Tal
Musikk/ lydopptak	4886	62 742	4536	267 616	Band, plater o.l.
Notetrykk	-	-	460	81 748	Tal
Plakatar	344	16 961	1 311	132 678	Tal
Postkort	-	-	948	267 192	Tal
Radio*	156 983	1 599 353	74	2 204 590	Timar
Småtrykk	-	-	27 508	2 775 410	Tal
Tidsskrift	17 963	46 759	50 140	4 865 608	Hefte
TV*	113 659	1 107 578	274	1 268 902	Timar
Nettdokument	2 250 961 462	27 633 487 847	-	-	Tal

* Radio og TV kjem i hovudsak som digitale filer, ikkje som kassettar.

Denne tabellen omfattar alt registrert materiale, både norsk og utanlandsk. For enkelte materialtypar er det fleire analoge eksemplar. Det samla talet viser dermed ikkje kor mange unike titlar Nasjonalbiblioteket eig.

SAMLINGSVEKSTEN I 2019

DIGITALT PLIKTAVLEVERT INNHALD I 2019

MEDIUM	MENGD	UTVIKLING SIDAN 2018
Radio	131 383 timar frå 15 radiokanalar	Talet er det same som i 2018
TV	113 659 timar med TV-sendingar frå 13 TV-kanalar	Auke på 6 prosent
Film	236 titlar	Auke på 14,5 prosent
Video	79 titlar	Auke på 14,5 prosent
Aviser	31 094 aviser (1 184 413 sider) frå 233 avistitlar	Auke på 4 prosent
E-bøker	6386 e-boktitlar	Auke på 48 prosent

RESULTAT OG MÅLOPPNÅING

HOVUDMÅL 1. LØYVINGANE SKAL STYRKJE BIBLIOTEKSEKTOREN SOM AKTIV KUNNSKAPS- OG KULTURARVFORMIDLAR OG LEGGJE TIL RETTE FOR AT FOLKEBIBLIOTEKA BLIR AKTUELLE OG UAVHENGIGE MØTEPlassar OG ARENAER FOR OFFENTLEG SAMTALE OG DEBATT.

RESULTATMÅL TIL HOVUDMÅL 1	RESULTATINDIKATOR/STYRINGSPARAMETER TIL HOVUDMÅL 1	KOMMENTAR
1.1 Nasjonalbiblioteket skal bidra til at norske folkebibliotek utviklar seg som lokale kunnskaps- og kultursenter, og utvikle ein nasjonal infrastruktur for biblioteksektoren.	1.1.1 Nasjonalbiblioteket skal bidra i arbeidet med å utforme ein ny nasjonal bibliotekstrategi for åra 2020–2023.	Oppnådd 1)
	1.1.2 Nasjonalbiblioteket skal i 2019 leggje til rette for eit nasjonalt bokår med arrangement i alle norske kommunar.	Oppnådd 2)
	1.1.3 Nasjonalbiblioteket skal innan 1.10. ha samanfatta erfaringane frå dagens løysing med gratis metadata for alle bibliotek og komme med tilråding om ei permanent løysing som gjeld frå 2020.	Oppnådd 3)
	1.1.4 95 prosent av fjernlånsbestillingar mot depotbibliotek skal vere sende ut innan to døgn.	Oppnådd
	1.1.5 Nasjonalbiblioteket skal våren 2019 ha gjennomført ei evaluering som kartlegg effektane av dei tildelte bibliotek-utviklingsmidlane sett mot innsatsområda.	Oppnådd

HOVUDMÅL 2. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL SIKRE OG BEVARE PLIKTAVLEVERT MATERIALE OG ANDRE SAMLINGAR, ARBEIDE AKTIVT FOR Å GJERE SAMLINGANE OG INFORMASJONEN OM DEI TILGJENGELEGE OG BIDRA TIL Å UTVIKLE FOLKEBIBLIOTEKSEKTOREN OG LOKALHISTORIEFELTET.

RESULTATMÅL TIL HOVUDMÅL 2	RESULTATINDIKATOR/STYRINGSPARAMETER TIL HOVUDMÅL 2	KOMMENTAR
2.1 Nasjonalbiblioteket skal ta vare på og sikre den publiserte norske kunnskaps- og kulturarven for gjenbruk.	2.1.1 Nasjonalbiblioteket skal samle inn materiale som blir publisert for den norske allmenta, registrere det og gjere det tilgjengeleg, uavhengig av medietype og teknologisk plattform.	Oppnådd
	2.1.2 Nasjonalbiblioteket skal oppbevare sikringssamlinga etter metodar som er internasjonalt anerkjende med tanke på klima og fysisk sikring.	Oppnådd
	2.1.3 Nasjonalbiblioteket skal arbeide for å komplettere den historiske samlinga.	Oppnådd
	2.1.4 Nasjonalbiblioteket skal som ein del av arbeidet med å implementere endringa i pliktavleveringslova utarbeide metodikk for å styrkje avleveringa av innhald som er publisert av minoritetsgrupper i det norske samfunnet.	Oppnådd
	2.1.5 Nasjonalbiblioteket skal våren 2019 levere ei oversikt over verneverdig audiovisuelt materiale i ABM-institusjonane og samtidig tilrå tiltak for å sikre og digitalisere dette materialet.	Oppnådd
2.2 Nasjonalbiblioteket skal gjennom utvikling av nettbiblioteket og aktive formidlingstiltak styrkje interessa for og medvitet om kunnskaps- og kulturarven.	2.2.1 Nasjonalbiblioteket skal jobbe for at kjennskapen til og bruken av nb.no aukar. For 2019 er målet å auke besøkstalet på nb.no med 10 prosent.	Ikkje oppnådd 4)
	2.2.2 Gjennom eit breitt publikumsretta program og fleire utstillingar skal Nasjonalbiblioteket styrkje posisjonen sin som møtestad for kulturopplevingar og folkeopplysning. For 2019 er målet å halde besøkstalet på same nivå som i 2018.	Oppnådd 5)
	2.2.3 Nasjonalbiblioteket vil ha 25 prosent fleire podkastar frå publikumsarrangement i 2019 enn i 2018.	Ikkje oppnådd 6)
2.3 Gjennom samlinga si, formidlingsverktøya sine og fagkompetansen sin skal Nasjonalbiblioteket vere inspirasjonskjelde og infrastruktur for forskning og utviklingsarbeid både for seg sjølv og andre.	2.3.1 Nasjonalbiblioteket skal gjennom utviding av den digitale samlinga og utvikling av verktøya for å bruke denne leggje til rette for meir bruk av samlinga som kjeldemateriale.	Oppnådd 7)
	2.3.2 Nasjonalbiblioteket skal tilby forskartenester som forskarplassar, referansetenester, påsynsrom og spesialbibliografiar som forskingsmiljøa synest er relevante og gode.	Oppnådd 8)
	2.3.3 Nasjonalbiblioteket skal delta i og initiere forskingsprosjekt og infrastrukturprosjekt som har støtte frå Noregs forskingsråd.	Oppnådd 9)
	2.3.4 Nasjonalbiblioteket skal publisere faglege og vitenskaplege artiklar og bøker med utgangspunkt i si eiga samling og samlingskompetansen sin. Måлтаlet for 2019 er 15 artiklar.	Oppnådd 10)

	2.3.5 Språkrådet og Nasjonalbiblioteket skal etablere og følgje opp eit forpliktande samarbeid om Språkbanken og skal i første kvartal 2019 leggje fram ein felles plan for å styrkje dialogen med dei språkteknologiske utviklingsmiljøa.	Oppnådd 11)
	2.3.6 Nasjonalbiblioteket skal styrkje Språkbanken med språkressursar som er viktige for å utvikle norsk taleteknologi på norske dialektar.	Oppnådd 12)
2.4 Nasjonalbiblioteket skal løyse oppgåvene sine like effektivt som dei beste tilsvarande institusjonane internasjonalt.	2.4.1 Nasjonalbiblioteket skal samanlikne seg med søsterinstitusjonar for å sikre at teknologien og metodikken som blir brukt på digitaliseringsområdet, kan samanliknast med dei beste.	Oppnådd 13)
	2.4.2 Nasjonalbiblioteket skal følgje opp kostnadene i ulike steg i pliktmottaksløypa for å sikre at arbeidsprosessane og materialflyten kan sporast og er optimaliserte.	Oppnådd 14)

- 1) Nasjonalbiblioteket har bidrege i arbeidet med den nye nasjonale bibliotekstrategien som blei lagd fram i september 2019.
- 2) Nasjonalbiblioteket har lagt til rette for Bokåret 2019. Det er gjennomført til saman over 15 000 arrangement i alle kommunane i landet.
- 3) Avgjerda blir teken i 2020 i samband med arbeidet med ein ny nasjonal bibliotekstrategi.
- 4) Det var 5,1 millionar besøk på nettsidene til Nasjonalbiblioteket i 2019. Det er ein auke på 7,1 prosent samanlikna med 2018 (4,8 millionar besøk). Det er fleire grunnar til at vi ikkje nådde målet om 10 prosent. Mellom anna er det tilgjengelege materialet blitt eldre fordi grensa for kva bøker som er gjort tilgjengelege (t.o.m. år 2000) har stått fast sidan 2012, og ved at veksten i digitale boktilbod mellom anna gjennom e-boka no er langt betre enn tidlegare.
- 5) I 2019 er det ein publikumsauke på 22 prosent, frå 33 943 besøkjande i 2018 til 41 532 i 2019.
- 6) I 2019 blei det produsert 52 podkastar, mot 43 i 2018 – ein auke på 21 prosent. Talet på avspelingar har gått opp med så mykje som 256 prosent, frå 32 000 i 2018 til 114 000 i 2019.
- 7) Stadig fleire enkeltforskarar og forskingsprosjekt bruker den digitale forskingsinfrastrukturen og analyseverktøyet til Nasjonalbiblioteket. Sjå avsnittet om forskning og forskingsinfrastruktur.
- 8) I 2019 har Nasjonalbiblioteket oppgradert rettleiing, spesiallesesal og påsynsrom for å gi brukarane eit endå betre tilbod.
- 9) Nasjonalbiblioteket delte i elleve forskingsprosjekt, og ni av desse får støtte frå Forskringsrådet.
- 10) Nasjonalbiblioteket har publisert 21 vitskaplege artiklar eller bokkapittel og 20 faglege eller populærvitskaplege artiklar eller bokkapittel.
- 11) Nasjonalbiblioteket og Språkrådet etablerte 16.08.19 ein felles plan for samarbeid om nasjonal satsing på digitale språkressursar.
- 12) Katalogen til Språkbanken har fått tilført ti nye ressursar i 2019, mellom anna omsetjingsminne frå Nynorsk pressekontor, Standard Norge og Amesto, uttaleleksikon frå NLB og tekstar på bokmål, nynorsk og samisk frå Wikipedia.
- 13) Hausten 2019 blei det jobba intensivt med å førebu inntak av 70 nye medarbeidarar for å skalere opp digitaliseringa av kulturarv i Mo i Rana. Studieturen for å besøkje og benchmarke andre digitaliseringsmiljø er derfor utsett til 2020. Men også i 2019 blei det jobba kontinuerleg med å forbetre prosessar og gjennomstrøyming i digitaliseringsløypene. Den mest markante auken var på foto, som i 2019 for første gong passerte 500 000 digitaliserte bilete.
- 14) Ressursbruken blei kartlagd våren 2018, og ressursbruken i 2019 vil bli følgd opp det kommande året.

UTVALDE NØKKELTAL

UTVALDE PRODUKSJONSTAL FRÅ DIGITALISERINGSPROGRAMMET	2017	2018	2019
Bøker – tal i sider	5 500 000	4 300 000	2 300 000
Avissider	4 600 000	6 200 000	4 700 000
Foto	287 000	410 000	502 000
Tidsskrift – sider	500 000	710 000	1 200 000
Lyd frå trua format – tal på einingar	5100	4800	4900
Film – frames* per månad	320 589**	526 716	602 422
Arkiv – sider	338 831	4 157 270	2 324 205
* Ein gjennomsnittleg film har 18–24 frames per sekund. ** Snittalet er berekna ut frå månadene juli–desember.			
EININGAR SOM ER TILGJENGELEGE I HEILE NOREG	2017	2018	2019
Bøker	272 994	276 972	285 006
Aviser	1 037 000	1 415 000	1 660 000
Tidsskrift	8229	16 260	28 564
BESØK	2017	2018	2019
Besøk på nb.no (nettbiblioteket)	4 642 042	4 834 220	5 156 940
Podkastavspelingar, strøymetenester og varig lenkje til arrangementsopptak	16 000	39 000	114 871
Samla tal for besøkande på Solli plass	174 875	211 590	202 680
Separate tal for besøkande til utstillingar og arrangement på Solli plass	29 452	33 943	41 721

ARRANGEMENT OG UTSTILLINGAR	2017	2018	2019
Arrangement	160	140	164
Utstillingar og plakattstillingar for folkebiblioteka	10	10	8*

* To store utstillingar, inkl. *Fra det fjerne* i Kartsenteret, éi plakattstilling til folkebiblioteka og seks punktutstillingar i lokala på Solli plass (trappemontrane).



→ Foto: Anders Beer Wiise (1865–1949). Billeter er teke i Karl Johans gate i Oslo, 1939.

DEL IV

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Nasjonallbiblioteket bruker mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp i verksemda. Den samla måloppnåinga er god.

Det blir gjennomført risikoanalysar for handlingsplanen og for store satsingar. Det er eit overordna mål at det ikkje skal vere knytt vesentleg risiko til utføringa av samfunnsoppdraget.

I 2019 er satsinga på formidling inne i ein svært spennande fase. Kartsenteret er opna. Det vil seie at Nasjonalbiblioteket no kan vise den såkalla Ginsberg-samlinga, som Sparebankstiftelsen DNB kjøpte og deponerte i Nasjonalbiblioteket i 2016, saman med utvalde objekt frå si eiga kartsamling. Klargjeringa for permanentutstillinga er heilt i sluttfasen. Når begge desse store satsingane er på plass, vil Nasjonalbiblioteket ha passert ein vesentleg milepåle i formidlingssatsinga.

Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap, baserer dei interne vurderingane til Nasjonalbiblioteket seg på det trusselbiletet som PST presenterer, og på analysane som PST og NSM gjer.

Nasjonallbiblioteket gjennomfører eit kontinuerleg arbeid med informasjonstryggleik i samsvar med planen verksemda har for feltet. Det er implementert ein intern prosess for å arbeide systematisk med å utvikle system for internkontroll og risikostyring.

Det blir òg arbeidd målretta med risikostyring som ein integrert del av verksemdsstyringa. Alle større satsingar, også bibliotekstrategiar, blir gjennom året følgde tett opp i leiarmøte. Planane blir reviderte og risikovurderte med omsyn til måloppnåing. Det inneber at ressursbruken og effektiviteten blir følgd opp mellom anna gjennom arbeidsplanar og konkrete produksjonsmål.

LIKESTILLING

	ALLE STILLINGAR *			LEIARSTILLINGAR			LØNN **
	Menn	Kvinner	Tal	Menn	Kvinner	Tal	Kvinner/ menn
2018	46,4 %	53,6 %	435	56,7 %	43,3 %	30	94,3 %
2019	47,6 %	52,4 %	435	50 %	50 %	32	94,9 %

* Prosentdel menn og kvinner pluss tal på stillingar. Målt berre for fast tilsette.

** Den gjennomsnittlege årslønna til kvinner i prosent av den gjennomsnittlege årslønna for menn. Målt berre for fast tilsette.

NÆRMARE OMTALE AV STYRING OG KONTROLL

Kvart år gjennomfører Nasjonalbiblioteket detaljerte budsjettgjennomgangar på alle nivå. Ved inngangen til året blir det gjennomført ein intern styringsdialog med alle avdelingsdirektørane. Etterpå får den enkelte avdelingsdirektøren tildelt rammer og fullmakter gjennom *Internt disponeringsskriv*, som blir følgt opp ved månadlege rapporteringar.

Innføring av standard kontoplan, ny økonomi-modell og periodisert rekneskap

Vurderinga er at oppfølginga av rekneskapsrapporten gir eit påliteleg nok grunnlag for styring og vedtak.

HMS/arbeidsmiljø

Nasjonalbiblioteket har ein stabil arbeidsstyrke. Det er lite uønskt turnover, og den gjennomsnittlege pensjonsalderen er høg (over 68 år).

Mange av dei tilsette ved Nasjonalbiblioteket har produksjonsoppgåver der arbeidskvardagen er statisk. Vi

jobbar stadig med tiltak for å motverke uønskte effektar av dette. Jobbrotasjon er sett i system i enkelte seksjonar. Det same er tilrettelagd «pausetrim» i form av korte treningsøkter som bedriftshelsetenesta leier.

Nasjonalbiblioteket har òg enkelte arbeidsprosessar der det blir brukt kjemikalium med potensiell helserisiko. Det blir gjennomført målretta oppfølging av risikoutsett personell i regi av bedriftshelsetenesta.

Likestilling

Nasjonalbiblioteket legg vekt på å oppfylle den pålagde aktivitetsplikta og overvakar alle tilsetjingsprosessar basert på lovpålagde krav og tilrådingar. Dette gjeld innanfor alle områda som er framheva i regelverket, også arbeid for å fremje likestilling. Vi legg særleg vekt på å inkludere personar med funksjonsnedsetjing og hindre diskriminering av utsette grupper.

Inkluderingsdugnaden

Nasjonalbiblioteket har i fleire år arbeidd systematisk for å sikre mangfald i arbeidsstyrken.

For å sikre at tilsetjingar skal skje i samsvar med ambisjonane i inkluderingsdugnaden, har Nasjonalbiblioteket i 2019 vore særleg merksame på personar med hol i CV-en.

Som følgje av kapasitetsoppbygginga i Rana har det vore høg rekrutteringsaktivitet i 2019. Det blei tilsett 109 personar i faste stillingar gjennom året. Av desse har elleve behov for tilrettelegging, nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.

Tilsetjingar	2019
Nytilsette til saman	109
Nytilsette frå målgruppene	11
Prosentdel nytilsette med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en	10,09 %

Det vil seie at Nasjonalbiblioteket i 2019 har nådd målet med inkluderingsdugnaden.

IA-avtalen og sjukefråvær

Sidan den første IA-avtalen blei innført, har Nasjonalbiblioteket hatt tett oppfølging av sjukefråværet og dei sjukmelde. Det er sett eit måltal på maks 6,2 prosent sjukefråvær. Frå 2018 til 2019 har sjukefråværet vore stabilt lågare enn måltalet. Fråværet har gått ned frå 6,1 til 5,4 prosent. Dette er det lågaste fråværet som er registrert i Nasjonalbiblioteket. Heile reduksjonen gjeld det legemelde fråværet, som var på 4,1 prosent i 2018 og enda på 3,4 prosent i 2019.

Det eigenmelde fråværet har vore stabilt i fleire år og ligg i underkant av 2 prosent. Vi arbeider målretta med mellom anna trivsels- og treningstiltak for å halde denne typen fråvær på eit lågt nivå. Analysen vår viser at vi må rekne med dagens nivå framover òg.

FORHOLD SOM DEPARTEMENTET HAR BEDT NASJONALBIBLIOTEKET OM Å VERE SÆRLEG MERKSAM PÅ

Departementet har etablert ein praksis der informasjonsstryggleik er eit fast oppfølgingspunkt i styringsdialogen. Nasjonalbiblioteket har via informasjonstryggleiksforumet til leiinga (LISF) implementert ei eiga gruppe, ISF-informasjonstryggleiksforum, som har som oppgåve å følge opp tryggleiken i verksemda. Denne gruppa følgjer opp tryggleiksplanen til leiinga, både med tanke på informasjonstryggleik og fysisk sikring. ISF legg særleg vekt på å kontrollere at oppfordringa frå Riksrevisjonen om informasjonstryggleik blir følgd opp.

FELLESFØRING – TILTAK FOR Å MOTVERKE ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

Nasjonalbiblioteket har implementert alle reviderte interne prosedyrar for innkjøp i tråd med det nye regelverket. Alle større innkjøp blir kvalitetssikra av ein jurist og ein controller.



DEL V

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Nasjonallbiblioteket er rusta for vidare drift. Dei økonomiske rammene slik dei er tildeelte over statsbudsjettet 2019, gjer Nasjonalbiblioteket i stand til å oppfylle pliktene vi er pålagde gjennom lov om pliktavlevering, tildelingsbrev og andre føringar frå Kulturdepartementet.

Nasjonallbiblioteket er inne i fire større satsingar som vil prege arbeidet i åra som kjem. I tillegg til å implementere den nye pliktavleveringslova og vidareføre formidlingsatsinga har Nasjonalbiblioteket frå 2019 fått ansvar for ei språksatsing i samarbeid med Språkrådet og skal digitalisere og sikre verneverdig AV-materiale for heile ABM-sektoren. I statsbudsjettet for 2020 blei budsjett-ramma til Nasjonalbiblioteket utvida med 87,2 millionar kroner for å auke digitaliseringskapasiteten i Rana med 70 nye stillingar. Dette styrkjer posisjonen Nasjonalbiblioteket har som digitaliseringsfabrikk for heile

ABM-sektoren. Digitaliseringsarbeidet vil strekkje seg over fleire tiår.

Nasjonallbiblioteket har bidrege til Kulturdepartementet sitt arbeid med å utforme ein ny bibliotekstrategi for dei kommande åra. Denne strategien kjem til å prege arbeidsoppgåvene til Nasjonalbiblioteket i perioden fram mot 2025.

Eit vilkår for at Nasjonalbiblioteket skal kunne tilby tenester på dagens nivå, er at rammene i 2019-budsjettet ikkje blir reduserte. Prosentvise ABE-kutt legg strammare rammer for kjerneoppgåvene og er merkbare på delar av drifta. Dersom det held fram, vil det få konsekvensar for ambisjonen Nasjonalbiblioteket har om å utvikle seg i rolla som ein offensiv kunnskapsinstitusjon i den norske offentlegheita.

I store trekk er framtidssiktene for framleis drift gode.



↓ Foto: Anders Beer Wiise (1865–1949), Universitetsbiblioteket i Oslo, 1938.

DEL VI

ÅRSREKNESKAP

KOMMENTARAR FRÅ LEIINGA TIL ÅRSREKNESKAPEN 2019

Formål
Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan under Kulturdepartementet.

Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i lov om pliktavlevering. I kraft av mandatet sitt er Nasjonalbiblioteket ein viktig del av den nasjonale kulturarven. Samfunnsoppdraget til Nasjonalbiblioteket er å sikre avlevering og bevaring av publisert materiale frå alle publiseringsplattformer og slik vere ei viktig kjelde til kunnskap om Noreg og norske forhold. Nasjonalbiblioteket formidlar og gjer kulturarven tilgjengeleg og er dermed ei kjelde til forskning, læring og språkutvikling, og vi bidreg til å skape identitet og tilhørslse. Nasjonalbiblioteket skal bidra til å utvikle moderne og relevante norske bibliotek. Nasjonalbiblioteket skal òg forvalte og tildele prosjekt- og utviklingsmidlar til styrking av folkebiblioteka.

Nasjonalbiblioteket er infrastruktur for norske bibliotek gjennom tenester som utvikling og vedlikehald av biografiske standardar, nasjonalbibliografiar, depotbibliotek, digitale innhaldstenester og felles bibliotek-søk. Nasjonalbiblioteket er både infrastruktur for norsk forskning og godkjent som ein sjølvstendig forskingsinstitusjon. Ei norsk språkbankteneste til bruk i forskning og næringsverksemd høyrer òg til den faglege porteføljen.

Det siste året har Nasjonalbiblioteket fått utvida mandatet sitt til å omfatte digitalisering av kulturarvsmateriale for heile ABM-sektoren.

Nasjonalbiblioteket fører rekneskap etter statleg rekneskapsstandard (SRS). I tillegg følgjer vi kontantprinsippet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte kostnader, inntekter, egedelar og gjeld.

VURDERING AV VESENTLEGE FORHOLD

Oppstilling av løvingsrapportering for rekneskapsåret 2019

Løvingsrapporteringa viser at dei samla løyvingane i 2019 har vore 679,7 millionar kroner. Av desse høyrer 52,0 millionar kroner til post 80, og 35,8 millionar kroner er investeringar.

I tillegg er det løyvd inntil 16,2 millionar kroner på post 21. Det er midlar som kan nyttast til å utvikle og drive fellestenester og felles infrastruktur på oppdrag frå departementet.

Verksemda er tilpassa tildelte løyvingar, og den rekneskapsmessige statusen er følgd opp kontinuerleg med rapportering frå avdelingane og oversikter over interne budsjettdisposisjonar. I samsvar med den periodiserte rekneskapen (sjå resultatoppstillinga og balanseoppstillinga) er resultatet i år på 0 millionar kroner.

Det blei i 2019 løyvd 52,0 millionar kroner til post 80. Heile løyvinga er brukt.

For rekneskapsåret blei det tildelt 48,5 millionar kroner i satsingsmidlar – spelemidlar. Av desse er 4,8 millionar kroner brukt til å administrere ordninga – i hovudsak gjeld dette lønnsmidlar til saksbehandling ved tilde-lingar. Det er brukt midlar til å utvikle søknadsportalen vidare og til administrative kostnader innanfor rekneskap og revisjon.

Tilleggsopplysningar

På oppdrag frå Kulturdepartementet har Nasjonalbiblioteket forvalta spelemidlar til prosjekt- og utviklings-tiltak innanfor bibliotekfeltet. Midlane kjem frå speleoverskotet til Norsk Tipping AS i 2018 og utgjorde 48,5 millionar kroner i 2019. Prosessen var ikkje avslutta

ved årsskiftet, og desse midlane vil bli tildelte i første kvartal 2019. Rekneskapen for midlane skal først på eige firma og inngår ikkje i rekneskapen til Nasjonalbiblioteket. Denne rekneskapen blir ikkje revidert av Riksrevisjonen, men av ein privat revisor.

Riksrevisjonen er ekstern revisor og godkjenner årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per i dag, men revisjonsmeldinga vil truleg ligge føre i 1. tertial 2020. Rapporten er unnta-teken offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Oslo, 13.03.2020

Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET

PRINSIPPNOTE TIL ÅRSREKNEKAPEN FOR NASJONALBIBLIOTEKET

Årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer som er fastsette i reglane om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring.

Oppstillinga av løvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løvingsrapporteringa og ein nedre del som viser summene som Nasjonalbiblioteket står oppført med i kapitalrekneskapen.

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, ein midtre del som omfattar tilskotsforvaltning, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som går inn i mellomverande med statskassen.

Oppstillingane av artskonto- og løyvingrapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men er grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i reglane om korleis Nasjonalbiblioteket skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

På linje med alle statlege verksemder er Nasjonalbiblioteket knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank, i samsvar med krava i reglementet for økonomistyring i staten pkt. 3.7.1. Nasjonalbiblioteket får ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgangen til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingrapportering

Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen. Ho er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen som Nasjonalbiblioteket har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og plikter Nasjonalbiblioteket står oppført med i kapitalrekneskapen til staten. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva Nasjonalbiblioteket har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet med tillegg, saman med overførte midlar frå rekneskapsåret 2018, for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapportering

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Nasjonalbiblioteket har ein trekkrett for disponible tildelingar

på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 7 til artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen.

PRINSIPPNOTE II TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR NASJONALBIBLIOTEKET

Rapportering etter verksemdsrekneskapen

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Elementa i resultat- og balanserekneskapen er nærmare spesifiserte i note 1–16.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar er resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

Inntekter frå løyvingfinansierte aktivitetar

Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen. Ho er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen som Nasjonalbiblioteket har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og plikter Nasjonalbiblioteket står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Løyvingar blir førte til inntekt i den perioden der aktiviteten som løyvinga er meint å finansiere, er utført, det vil seie i den perioden kostnadene kjem til. Når årsrekneskapen blir lagd fram, er den endelege løyvinga til drift inntektsført i dette året. Endeleg løyving til drift svarer til løyvingar i året. Unytta løyvingar som ikkje

kan overførast til det neste rekneskapsåret, er ikkje inntektsførte.

I praksis vil det seie at inntektene skal førast i den same perioden som kostnadene kjem på. Inntektsføringa svarer til nettosummen av årets inntekter og kostnader knytte til løyvingfinansiert verksemd, slik at resultatet blir null.

Investeringsløyvingar er førte på rekneskapslinja «Ikkje inntektsført løyving», knytt til anleggsmidlar i balansen med den summen som faktisk er investert i rekneskapsperioden. Investeringsløyvingar som kan overførast, blir ikkje inntektsførte. Inntektsføring av investeringsløyvingar har skjedd i takt med avskrivningane av anleggsmidlane.

Kostnader

Kostnader som blir finansierte gjennom løyvingar, er rekneskapsførte i den perioden der dei aktivitetane som løyvingane skal finansiere, er utførte. Unntaket er lisensar som blir betalte på forskot. Verksemda betaler fleire lisensar og abonnement der ein må rekne med at kostnaden er betalt på førehand i samsvar med bestillinga.

Pensjonar

SRS 25 legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Derfor er det ikkje gjort utrekningar eller avsetjingar for eventuell over-/underdekking i pensjonsordninga som svarer til NRS6. Pensjonskostnaden i året svarer derfor til den årlege premiesummen til Statens pensjonskasse (SPK).

Forsikringar

Nasjonalbiblioteket blei som følge av prinsippet om staten som sjølvassurandør ikkje pålagt å dekkje premiar i 2019.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekretsløpet. Dei andre postane er klassifiserte som anleggsmidlar / langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er sette til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til den nominelle summen på opptakstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskost, med frådrag for avskrivningar og nedskrivne til verkeleg verdi ved eventuell bruksendring. I samsvar med SRS-ane skal aktivering av anleggsmidlar (immaterielle og varige) og avskrivningar på desse periodiserast på månadsbasis.

Immaterielle eigedelar

Eksternt innkjøpte immaterielle eigedelar er balanseførte.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseførte og blir avskrivne over den økonomiske levetida til driftsmidlane.

FINANSIERING AV PERIODISERTE POSTAR

Omløpsmidlar / kortsiktig gjeld

For Nasjonalbiblioteket gjeld følgjande: Nettobeløpet av alle balansepostar, med unntak av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar, har motpost i avrekning med statskassen. Avrekninga gir dermed uttrykk for statens eigarkapital når det gjeld kortsiktige postar og eventuelle finansielle anleggsmidlar.

Anleggsmidlar

Den balanseførte verdien av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar har motpost i rekneskapslinja «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidlar. Dette representerer finansieringa av desse anleggsmidlane.

Ved tilgang til immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar er innkjøpskostnaden balanseført. Samtidig har innkjøpskostnaden gått til reduksjon av resultatposten «Inntekt frå løyvingar» og til auke av balanseposten «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidlar.

Avskrivninga av anleggsmidlar er kostnadsført. I takt med den gjennomførte avskrivninga er ein tilsvarande sum inntektsført under «Inntekt frå løyving». Dette er gjort ved at finansieringsposten «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidlar er løyst opp i takt med at anleggsmidlane er brukte i verksemda. *Konsekvensen av dette er at avskrivningane har ein resultatnøytral verknad.*

Ved realisasjon/avgang av driftsmidlar er gevinst/tap resultatført rekneskapsmessig. Gevinst/tap er utrekna som forskjellen mellom salsvederlaget og den balanseførte verdien på realisasjonstidspunktet. Resten av den bokførte verdien av «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidlane på realisasjonstidspunktet er inntektsført.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal, for diverse artiklar (Bokhandel). Behaldninga av varer er verdsett til det lågaste av innkjøpskost og netto realisasjonsverdi.

Verdien for varelageret er sett etter vareteljning og verdi-vurdering – sjå note 11.

Fordringar

Kundefordringar og andre krav er oppførte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap skjer på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte krava. Når det gjeld kundefordringar, kan det i tillegg gjerast ei uspesifisert avsetjing for å dekkje venta tap. Per 2019 er det sett av 1,0 millionar kroner.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er sette til gjeldande kurs når rekneskapsåret er slutt. Her er den daglege spotkursen frå Noregs Bank lagd til grunn.

Sjølvassurandørprinsipp

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balanse- eller resultatrekneskapen som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller plikter.

Statens konsernkontoordning

Nasjonalbiblioteket er omfatta av statens konsernkontoordning. Det vil seie at alle innbetalingar og utbetalingar blir oppgjorde dagleg mot oppgjerskontoane våre i Noregs Bank.

Nasjonalbiblioteket får ikkje tilført likvide midlar gjennom året. Nasjonalbiblioteket har ein trekkrett på konsernkonto som svarer til netto løyving. Forskjellen mellom inntektsført løyving og netto trekk på konsernkontoen går inn i avrekninga med statskassen. Ved slutten av året gjeld særskilde reglar for oppgjær / overføring av mellomverande. For Nasjonalbiblioteket blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank nullstilt når ein går over til eit nytt rekneskapsår.

Vedlegg 1 inneheld tabellar med oversikt over rekneskap og notar.



Nasjonallbibliotekets automatlager 2
i Mo i Rana. Eit av dei nye automatlagra
som blir bygd, vil ligge attmed dette.



VEDLEGG 1

OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERING 31.12.2019

UTGIFTS- KAPITTEL	KAPITTELNAMN	POST	POSTTEKST	NOTE	SAMLA TILDELING*	REKNESKAP 2019	MEIRUTGIFT (-) OG MINDREUTGIFT
0315		76	Tilskot til tiltak mot barnefattigdom	A	5 000 000	5 000 000	0
0326		01	Driftsutgifter	A	569 387 000	567 865 628	1 521 372
0326		21	Spesielle driftsutgifter	A	16 704 000	14 669 413	2 034 587
0326		45	Større anskaffingar og vedlikehald	A	35 797 000	27 975 773	7 821 227
0326		80	Tilskotsforvaltning	A	52 040 000	52 040 001	- 1
0325		21	Spesielle driftsutgifter, kap. 0325	A	753 000	695 683	57 317
1633		01	Nettoordning for mva. i staten		0	33 135 089	- 33 135 089
<i>Sum utgiftsført</i>					<i>679 681 000</i>	<i>701 381 586</i>	

INNETKTS- KAPITTEL	KAPITTELNAMN	POST	POSTTEKST		SAMLA TILDELING*	REKNESKAP 2019	MEIRUTGIFT (-) OG MINDREUTGIFT
3326	Ymse inntekter	01			18 325 000	26 655 064	8 330 064
3326	Inntekter ved oppdrag	02			15 883 000	16 067 117	184 117
5309	Tilfeldige inntekter	29			0	601 217	
5700	Arbeidsgivaravgift, SLP	72			0	25 877 711	
<i>Sum inntektsført</i>					<i>34 208 000</i>	<i>69 201 109</i>	

Netto rapportert til løyvingerekneskapen

632 180 477

KAPITALKONTOAR

60074901	Noregs Bank KK/ innbetalingar					52 443 728	
60074902	Noregs Bank KK/ utbetalingar					- 683 455 850	
703821	Endring i mellomvære med statskassen					- 1 168 355	
<i>Sum rapportert</i>						<i>0</i>	

BEHALDNINGAR RAPPORTERTE TIL KAPITALREKNESKAPEN (31.12.)

